

Festidalen - også for familien

09.06.2009



Sveinung Mæland Pile lover eit opplegg også for familiar i samband med Festidalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Festidalen ved månadsskiftet juli/august blir ikkje berre ein rockekonsert, det blir eit kulturarrangement med brei appell.

Sveinung Mæland Pile opplyser at dei no jobbar med eit familiearrangement laurdag 1. august.

Dei prøver å få dette til på området til familien Nilsen rundt Vertshuset. Aktivitetshuset er eit alternativ hvis det blir regnver.

Programmet skal forhåpentligvis bestå av konsert, barneaktivitetar, rebusløype, quiz og boder.

- Vi kjem til å utfordra diverse lag og bedrifter til å bli med, opplyser Pile.

Slik lyder 'programerklæringa' for Festidalen 2009:

'Festidalen 2009 skal nå ut til eit større publikum. Me skal fortsetje å vera ein rockefestival, men vil no satsa på ein breiare og meir folkeleg profil. I tillegg til å fokusera på musikk, ynskjer me å få til eit samarbeid med andre kulturorganisasjonar i kommunen, samt ha høg fokus på lokale tradisjonar og halde ein høg miljøprofil'

Av Ola Matti Mathisen